

# Vert misjonærer i Indonesia

Nils Fredrik Rifsgård er nordhordlending, melandbu og oppvakser på gard i Austebygda. I byrjinga av august reiser han med kone og born til Indonesia som misjonærer for Norsk Luthersk Misjons-samband (NLM).

Kona Anna Cecilia Nilsson er frå Skåne i Sverige. Dei har borna Lisa Amalie på to og eit halvt år og Jakob Fredrik på 15 månader.

## Praksis i Peru

Nils Fredrik gjekk på søndagsskulen på Betel, pinseforsamlinga på heimstaden. Seinare kom han til å vanka på møte i Indremisjonsforbundet. NLM møtte han på leirar i Sætervika i Samnanger. Ein uro fekk han til å søka på Fjellhaug Mi-

sjonshøgskole i Oslo. Her møtte han Anna Cecilia, og det blei snart dei to. Ein praksistur til Peru sette spor hjå dei. Misjonærane var jo heilt vanlege menneske! Då var det kanskje håp for dei også.

Det var under ei forseinka brudlaupsreise til Asia og Australia at Indonesia segla opp. Dei budde nokre dagar hjå norske misjonærer i provinshovudstaden Medan. Då kom kallet til teneste i Indonesia på ein spesiell måte til dei. Indonesia har om lag 250 millionar innbyggjarar og er det største muslimske landet i verda. Samstundes høyrer 10 prosent av folket til kristne kyrkjefamunn.

Prest på Sørlandet Den 4. juni i år blei Anna Cecilia og Nils Fredrik

vigla til misjonærer i Hælgeland frikyrkje på Sørlandet. Der har Nils Fredrik vore prest dei siste åra. No er det med glede, spaning og forventning dei ser fram til å reisa. På sin måte skal dei få vera med å bringa evangeliet til Indonesia sine mange millionar. Det har Gud kalla dei til, og på det grunnlaget legg dei i veg.

## Sendefest på søndag

Misjonsvennene i Nordhordland, i Mæland og i heimbygda vil gjerne ta eit skikkeleg farvel med Jakob Fredrik, Anna Cecilia, Lisa Amalie og Nils Fredrik. Dei er på ein særleg måte våre utsendingar. For å markera det blir det skipa til ein sendefest på Frek-



**TIL INDONESIA:** Søndag vert det sendefest i Frekhaug bedehus for Nils Fredrik Rifsgård og Anna Cecilia Nilsson og barna Lisa Amalie og Jakob Fredrik.

haug bedehus søndag 3. juli på ettermiddagen. Harald B. Breistein, leiar av

Region Vest i NLM, vil tala. Alle, som enno ikkje er farne på ferie, er hjarte-

leg velkomne. Lars Gaute Jøssang (for NLM)



Skatt vest

## Skatt vest i Knarvik

har stengt i veke 28 og 29. I veke 30 og 31 vil kontoret ha opne tysdag og torsdag.

Skatteetaten sin veiledningstlf. er 800 80 000  
Skatteetaten sine tenester på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no)  
Vår e-post adr: [skattvest@skatteetaten.no](mailto:skattvest@skatteetaten.no)

Regiondirektør

KULTUROPERATØRENE PRESENTERER

# AUSEKARANE

"SPELAR FOR LIVET!"

NYTT SHOW!

Bergens beste sceneforestilling 2010

NY CD!

**STOR SOMMARTURNÉ 24.06 - 16.07 2011**  
**AUSEKARANE TOR ENDRESEN BJØRN JENSEN**

24.06 Leirvik	06.07 Hardbakke
25.06 Bakkasund	07.07 Sandnes
26.06 Rubbestadneset	08.07 Manger
27.06 Våge, Tysnes	09.07 Kjelstraumen
28.06 Rosendal	10.07 Byrknes
29.06 Nordheimsund	11.07 Valestrand
30.06 Kinsarvik	12.07 Knarvik
01.06 Eikelandsosen	13.07 Bergen, Bryggen
02.07 Os	14.07 Bergen, Bryggen
03.07 Florvåg	15.07 Brattholmen
04.07 Eivindvik	16.07 Hellesøy
05.07 Askvoll	

**Billetter:** Eivindvik: Solgul Blomst, Manger: YX Manger, Kjelstraumen: Spar Fonnes Senter / Mastrevik Bok og Papir Sandnes: Sandnesbruggja, Byrknes: Joker Byrknes. Knarvik: Playcom, Knarvik Senter og på [www.billettenservice.no](http://www.billettenservice.no) / 815 33 133

**INFO:** [www.ausekarane.no](http://www.ausekarane.no) // **SPELAST:** På båten Showtime



# Utvandringsfestival med familiedag



**OPPLEVINGSDAG:** I emigranthusa vert det ulike aktivitetar for små og store lørdag, knytt til det å vera nybyggjar.

**RADØY:** Dei kjende tradisjonane er på plass, samtidig som barnefamiliane får ekstra fokus undr årets Utvandringsfestival på Sletta i helga.

Vestnorsk utvandringscenter på Sletta inviterer til utvandringsfestival til helga.

## Familiedag

- I år ønskjer vi å nå nye målgrupper og har difor utvikla ein opplevingsdag full av aktivitetar knytta til det å vera nybyggjar, seier avdelingsleiar og Vestnorsk utvandringscenter Ida Dyrkorn Heierland. I nybyggjarleiren i emigranthusa kan små og store vera

på nybyggjaraktivitetar. Det blir høve til å skyta med pil og boge, lage reiskap av stein, sy skinnposar, besøka indianarteltet, vera med på rollespelet "Amerikakofferten" m.m.

Bilde frå din første skuledag? I det gamle skulehuset vert alle inviterte til å koma med bilete og forteljingar frå sin første skuledag. Desse skal brukast i ei utstilling som etter planen skal oppnast ved utvandringscenteret til hausten.

## Besøk frå Minnesota, USA

Utvandringscenteret får besøk av Lutheran Brethren mannskor frå Minnesota, USA. Dei opnar festivalen med konsert fredagskvelden og dukkar også opp i festivalprogrammet utover helga.

## Millitærcamp

- I år etablerer vi en eigen camp bak emigranthusa med millitært køyretøy og utstyr, fortel Heierland. Utvandringscenteret har ei særskilt utstilling om den 99. bataljon, og mykje av utstyret folk kan sjå på Sletta denne helga er knytt til denne bataljonen.

## Amcar og Strilaringen

På programmet står også fagseminar, ærseremoni ved monumenta og festmiddag lørdag. Og blir vèret brukbart, er det venta eit stort innrykk av amcar-bilar.

Punktum for årets festival vert sett ved at Strilaringen avsluttar sin internasjonale folklorefestival på Sletta søndag.